

**Samarbeidsavtale stilling kreftkoordinator  
mellanom  
Radøy kommune og Lindås kommune  
2016 -2019**

**Innleiing:**

Styrke kommunal kreftomsorg i tråd med Nasjonal handlingsplan for kreft 2015 -2017 med etablering av stilling for kreftkoordinator som samarbeidsprosjekt i 3 år for kommunane Meland, Radøy, Fedje, Modalen og Lindås. Hovudmålet for stillinga er at kreftpasientar og pårørande skal oppleve eit heilskapleg og trygt tilbod, der kommunane har eit godt fungerande system som er samordna med tilboden i spesialisthelsetenesta. Stillinga skal bidra med noko kvalitativt nytt i kommunane og tilboden skal vera på lavterskelnivå.

**Stilling:**

100 % høgskulestilling med vidareutdanning.

**Arbeidsgjeveransvar:** Lindås kommune

**Driftsperiode:** 01.06.16.- 31.05.19.

**Fordeling av kostnader:**

Lønnsutgifter: Kreftforeninga dekker 75 % \* og kommunane 25%

Andre kostnader: kr. 50.000,- pr. år vert dekka av kommunane.

\*dette av søknadssum. Auke i lønnsutgifter i samband med lønnsoppgrader må finansierast av kommunane.

Kommunane sin kostnad vert fordelt slik pr. år:

1/3 fast sum

2/3 fordelt ut frå folketal pr.01.01.

Vertskommunen sender krav med forfall 1.april , 1.oktober og avrekning ved årets slutt.

**Evaluering:**

Ordninga skal evaluerast etter 2,5 år. Ein vil då vurdere om den skal vidareførast.

**Vedlegg:**

Brev frå Kreftforeninga om lønnsmidlar og vilkår

Oversikt kostnader i 2016 og 2017

Lindås kommune

Radøy kommune

---

Kommunalsjef Helse og omsorg